



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Reidun Marie Lillebø

Arkivreferanse: 2026/685-7

Ny handsaming av forskrift om opning av jakt og minsteareal som grunnlag for fellingstillatingar på hjort, samt fellingsavgift for hjort i Samnanger kommune

Saksnr.	Organ, utval	Møtedato
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret sitt vedtak i sak 77/2026 blir oppheva.
2. Kommunestyret vedtek forskrift om opning av jakt og minsteareal som grunnlag for fellingstillatingar på hjort, samt fellingsavgift for hjort i Samnanger kommune slik han ligg føre i saka. Forskrifta trer i kraft når ho er kunngjord i Norsk Lovtidend, jf. forvaltningslova § 38 første ledd bokstav c. Vedtaket er heimla i Lov om jakt, fangst og felling av vilt mv. (Viltressurslova) § 9 fjerde ledd og § 42 første ledd, og Forskrift om forvaltning av hjortevilt (Hjorteviltforskrifta) §§ 5 og 6.
3. Kommunestyret ber om å få opp ei eiga sak om endring av minsteareal, jf. reglane i § 37 i forvaltningslova, § 6 i forskrift om forvaltning av hjortevilt og Rundskriv 2024/37 frå Landbruksdirektoratet «Forskrift om forvaltning av hjortevilt - kommentarer til regelverk».
4. Rådmannen får fullmakt til å gjere mindre tekniske/redaksjonelle justeringar i dokumentet (t.d. oppdatering av dato), så lenge endringane ikkje endrar hovudinnhaldet.

Samandrag:

Saksframlegget i denne saka er utarbeidd av Bjørnafjorden landbrukskontor. Landbrukskontoret brukar eit anna sakshandsamingssystem enn Samnanger kommune. Sakspapir med vedlegg ligg ved.

Vedlegg

- 1 Saksframlegg.pdf
- 2 Forslag til ny forskrift om opning av jakt og fastsetting av minsteareal for hjort og fastsetting av fellingsavgifter for hjort, Samnanger kommune, Vestland.pdf
- 3 Saksprotokoll kommunestyresak PS 77-2026.pdf